



Samferdselsdepartementet

## Omfanget av leveringspliktige posttenester - fråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd gir følgjande fråsegn til framlegg til endringar i postloven:

Regjeringa foreslår å redusera tal omdelingsdagar frå fem dagar i veka til annakvar dag.

Sogn regionråd er uroa over at post- og distribusjonstenestene gradvis blir bygde ned og støttar ikkje forslaget om å redusera tal omdelingsdagar.

Sogn regionråd merkar seg at dei økonomiske konsekvensane for staten er godt utgreidd i høyringsnotatet, medan konsekvensar for legekantor og laboratorie, for næringslivet, som avisbransjen og handels- og servicebedrifter i distrikts-Noreg, i mindre grad er utgreidd.

Det er distrikta som er mest avhengig av at posttenestene fungerer, og det er distrikta som vil bli hardest ramma av dei foreslåtte endringane. Færre omdelingsdagar vil gjera det enno vanskelegare å få sendt laboratorieprøver slik at dei kjem fram tidsnok og det vil ta lenger tid å senda medisinar til pasientar. Vidare vil avisdistribusjonen bli påverka av færre omdelingsdagar og bedriftene i spreiddbygde område vil merka enno meir enn før at det tek lenger tid å levera og motta pakker.

For næringslivet i distrikta er det vesentleg at det framleis er ei god postteneste alle dagar i veka som leverer brev/småpakker raskt til ein konkurransedyktig pris (ikkje dyrare enn sentrale strøk) og at postpakker til kunde vert henta hos bedrifta seinast mogeleg på dagen.

Det er behov for like gode posttenester i distrikta som i sentrale delar av landet. I sentrale område kan budbilar /andre distribusjonsselskap brukast for å få ut produkta. Men i distrikta er marknaden ikkje stor nok til at det blir konkurranse om distribusjonen. Dette gjer at vi treng fellesfinansiert infrastruktur som posten.

Gode posttenester er ein viktig føresetnad for busetjing og næringsliv i heile landet. Vi meiner at økonomiske omsyn for staten ikkje kan vera den einaste grunnen til å gjennomføra endringar i posttenestene. Sogn regionråd ber om at Stortinget sikrar at heile landet har reelle likeverdige tilhøve og tek kostnaden med at det skjer.

Sogn regionråd meiner det er viktig at distrikta framleis har postombering fem dagar i veka og støttar ikkje forslaget om reduksjon i omdelingsdagar til anna kvar dag.

Med helsing

Jan Geir Solheim  
leiar Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*